

## **Mellombels forskrift om ekstra Merkurtilskot på grunn av verknadane av covid-19**

Fastsatt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet til gjennomføring av Prop 67 S (2019-2020)

### **§ 1 Føremål**

Føremålet med tilskotsordninga er å kompensere daglegvarebutikkar som er med i Merkur-programmet, jf. Merkurforskrifta, for tapt inntekt som ein følgje av tiltaka mot koronaepidemien. Tilskota skal medverke til at butikkane overlever på lengre sikt, slik at innbyggjarar i distrikta er sikra tilgang til ein daglegvarebutikk i nærleiken også etter at koronasituasjonen er over.

### **§ 2 Kven som kan få tilskot**

Merkur-butikkar etter Merkur-forskrifta § 3 første ledd kan få ekstra tilskot etter forskrifta her dersom dei fyller følgjande krav:

- a. er open heile året
- b. har ein nærmarknad på under 200 hushald
- c. har ei avstand på minst 5 kilometer til næraste alternative daglegvarebutikk, ligg på ein stad utan fast vegsamband eller er einaste daglegvarebutikk på ei øy
- d. har hatt ei årsomsetning i 2019 på inntil 13 millionar kroner eksklusiv meirverdiavgift, drivstoff, kraftfôr og gjødsel
- e. har hatt tap på grunn av hytteforbod og reiserestriksjonar på grunn av covid-19.

Tilskota er mellombels og gjeld for mars og april 2020 og månadene etter inntil løyvinga er brukt opp eller verknadane av tiltaka mot covid-19 er reduserte.

### **§ 3 Utrekninga av størrelsen på tilskota**

Søkarar som hadde ein årsomsetning i 2019 på 8 millionar eller mindre, og som har ein reduksjon i omsetninga på minst 25 pst. i aktuelle periodar i 2020, samanlikna med tilsvarende periode i 2019, der reduksjonen er eit resultat av hytteforbodet eller reiserestriksjonar som følgje av koronasituasjonen, kan få kompensert 40 % av dokumentert omsetningssvikt.

Søklarar som hadde ein årsomsetning på mellom 8 og 13 millionar, og som har hatt ein reduksjon i omsetninga på minst 25 pst. i aktuelle periodar i 2020 samanlikna med tilsvarende periode i 2019 der reduksjonen er eit resultat av hytteforbodet eller reiserestriksjonar som følgje av koronasituasjonen, kan få kompensert 25 % av dokumentert omsetningssvikt.

### **§ 4 Støttebeløp og søknadsperiode**

Maksimalt støttebeløp er inntil 500.000 kr pr. butikk eksklusiv meirverdiavgift for kvar søknadsperiode. Minstegrensa for å få utbetalt kompensasjon er på 5.000 kr pr. søknadsperiode.

Dersom butikken mottar pengar frå den generelle statlege kompensasjonsordninga (statleg "kontantstøtte"), kan ikkje butikken få pengar frå den mellombels Merkur-ordninga for same periode.

## UTKAST TIL FORSKRIFT 21. APRIL 2020

Ordninga gjeld for perioden mars-april 2020 og månadene etterpå, inntil midlane er brukte opp, eller verknadane av tiltaka mot koronaepidemien er reduserte. Første aktuelle periode å søke for er mars - april 2020, samla. Deretter kan det søkast for nye periodar på to månader. Det er høve til å søke fleire gonger.

### § 5 *Krav til ein søknad om tilskot*

Ein søknad skal innehalde

- a. organisasjonsnummer og namnet på den ansvarlege butikkeigaren.
- b. dokumentasjon av omsetnadssvikt for perioden som søknaden gjeld, samanlikna med omsetning for same periode i 2019, i form av daglegvareomsetning rapportert til kjeden.
- c. ei stadfesting om at søkjaren ikkje har søkt om anna støtte frå staten som har til formål å motverke effektane av covid-19.
- d. ei stadfesting av at søkjaren på søknadstidspunktet ikkje har fått anna bagatellmessig støtte i søknadsåret og dei to føregåande åra, som overstig grensene for offentleg støtte.

### § 6 *Sakshandsaminga og utbetaling av tilskot*

Søknadane om tilskot blir handsama etter kvart som dei kjem inn.

Tilskota blir utbetalt snarast.

Elles gjeld Merkur-forskrifta §§ 5, 6, 7, 9 og 38.